

Sak 50-20 Betalingsatsar ved levering til Miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon 2021

Tilråding til vedtak:

Styret vedtek slike betalingsatsar i 2021 for levering av avfall for private 2021 til Miljøstasjon / gjenbruksstasjon:

	Eks mva	Inkl mva
Restavfall (grovavfall)	Kr 2,00	Kr 2,50
Blanda restavfall	Kr 2,00	Kr 2,50
Mat-/våtorganisk avfall	Kr 2,00	Kr 2,50
Papir	Kr 0,70	Kr 0,88
Trevirke	Kr 1,44	Kr 1,80
Isopor (per kubikk)	Kr 40,00	Kr 50,00
Avfallssekkar (per stk)	Kr 70,40	Kr 88,00
Minstepris - restavfall og trevirke (0-20 kg)	Kr 40,00	Kr 50,00
Metall	Kr 0,00	Kr 0,00
Hageavfall *	Kr 0,00	Kr 0,00
Farleg avfall og elektrisk avfall (E.E avfall)	Kr 0,00	Kr 0,00
Impregnert tre (kresot el CCA/CA)	Kr 0,00	Kr 0,00
Asbest	Kr 0,00	Kr 0,00
Lån av hengar pr. gang.	Kr 160,00	Kr 200,00
MINI GJENBRUKSSTASJON GRODÅS.		
Personbil inntil 1m3:	Kr 100,00	Kr 125,00
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr 150,00	Kr 187,50
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr 300,00	Kr 375,00
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr 500,00	Kr 625,00

Levering av volum over 6 m3 til gjenbruksstasjon på Grodås, berre etter avtale.

Asbesthaldig varer må vere forskriftsmessig pakka før levering og blir slik som PCB haldige isolerglass og fritidsbåtar mindre enn 15, berre tatt imot på anlegget i Hovdebygda.

*Gjeld kvist, gras og lauv frå hagen. Greiner med maks diameter 25 cm. Ikkje røter eller sagflis som er trevirke.

Private kan levere farleg avfall inntil 1000 kg pr år og Pcb-haldige isolerglass, inntil 500 kg pr. år innafor gebyret. Ved levering av fritidsbåtar må ferdig utfylt skjema frå Miljødirektoratet følgje med. For meir informasjon sjå <https://www.vor.no/kasserte-fritidsbaatar.493183.nn.html>

Definisjon av farleg avfall finn ein på <https://www.vor.no/farleg-avfall.6165226-493178.html>


Saksutgreiing:

Styret fastsetter i denne saka prisane for levering over vekt for komande år. Det vert rådd til å vidareføre 2020 prisane i Hovdebygda, og justering på mini gjenbruksstasjon på Grodås.

Grodås:

Vi tok imot 2,4 tonn restavfall på Grodås i haust på ein måndag, og fekk inn kr 1000,- i inntekter. Det gir ein snittpris på kr 417,- medan prisen i Hovdebygda er kr 2400,- pr tonn. Kanskje var det spesielt denne gangen, men det gir uansett ein indikasjon om at prisane er for låge.

Vi har ingen erfaringar med å kalkulere pris i kbm, men sidan der ikkje er vekt på Grodås, må det gjerast slik. Vi har derfor justert opp prisane noko, og håper vi treff betre i 2021 enn i 2020.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar